**ÅRETS KLUBB:** *Fortun 4H fekk pris som årets 4H-klubb i fylket 2010. Framme f.v.: Arne Olav Skagen, Tor Håkon Kilen, Kåre Markrid og Christian Nyøygard Setland. Andre rekkje f.v.: Anna Samnøy, Jarand Nyøygard Setland, Jakob Nyløy, Malene Nyløy og Stine Steig. Bak f.v.: Lasse Nyløy, Eivind Steig, Sindre Steig, Else Steig og 4H-instruktør Hilde Sværen.*



# Steinbra satsing i 4H

## Ny klatrestein i Fortun
## Årets 4H-klubb i fylket
## Både fastbuande og turistar

**FORTUN: Fortun 4H har lagt mykje arbeid i ein ny naturmøteplass med klatrestein. Laurdag fekk dei pris som årets 4H-klubb i Sogn og Fjordane.**



**KAKEBORD:** *Malene Nyløy selde masse god bakst, kaffi og saft.*

– 4H satsar sterkt på naturmøteplassar, og den vesle, men aktive gruppa i Fortun har lagt mykje tid og arbeid ned i det fantastiske Trollsteinprosjektet sitt. Fylkesstyret har difor valt Fortun til Årets 4H-klubb i 2010, i konkurranse med 73 lokallag i fylke, sa 4H-instruktør Hilde Sværen.

Ho tok turen frå Førde til Fortun for å dela ut prisen laurdag, og strålande vêr gjorde utdelinga til ei feststund for Fortun 4H.

### Stor dugnad

Den aktive gruppa har brukt fleire hundre timar på å rydda skog, bera stein, byggja gapahuk og bålplass rett over butikken i Fortun, og ein kampestein som står på plassen har blitt tilrettelagt som klatrefelt, med boltar og heile åtte forskjellege klatreruter.

– Å gjera klar steinen, var ein stor jobb, og me har stått på i dagevis med mosereinsking, trykkspyling og grundig kosting med stålkostar. Steinen vart avduka under open dag i haust, og no er me stolte og glade for å få ein påskjønning frå 4H sentralt, seier klubbrådgjevar Else Steig i Fortun 4H.

### Prøvde steinen

Atle Fortun er ein av primus motorane for prosjektet, og han testa steinen med klatresko, tau og sele.

– Eg er oppvokst rett ved steinen her, og det er flott å sjå at området vert nytta på ein slik måte, seier han.

Tor Håkon Kilen i 4H-gruppa kan fortelja at klatresteinen alt har vekt stor oppsikt blant utanlandske turistar, og dei har fleire gonger opplevd at bilar med klatreinteresserte folk har bråstoppa for å ta ein nærare kikk på steinen.

Saman med Arne Olav Skagen har Tor Håkon hatt klatring som 4H-prosjekt, og dei to gutane vart difor prosjektleiarar for klatresteinen.

– Det er veldig bra for oss i 4H å koma oss ut og få prøvd noko nytt, seier Kilen.

### Gjort skikkeleg

Frank Have Olesen frå bedrifta Sognatur har hjelpt til med bolting av ruter og toppfeste, og dei som ynskjer å klatra på steinen kan nytta rutene med eiget utstyr og på eiget ansvar.

Fortun 4H kan kan arrangera klatring, stilla med utstyr og godkjende folk til å sikra, viss det er ønskjeleg.

– Rutene er veldig varierte, heilt i frå nybyrjar til utfordringar for dei vidarekomne, seier Tor Håkon Kilen.

I samband med Trollsteinprosjektet tok 4H kontakt med IL Fanaråk om å etablera ei klatregruppe, og i vår vart gruppa skipa, med Tor Håkon Kilen som leiar.

Dei vurderer å utvida feltet til fleire andre store steinar i nærområdet, og Fortun 4H ser for seg at naturmøteplassen i Krukla ikkje berre skal bli nytta av fastbuande, men også turistar og tilreisande.

– Ver snill og skriv deg inn i besøksboka, dersom du nyttar plassen. Då får me betre oversikt over bruken og kan ta imot tilbakemeldingar, seier Else Steig.

Ole Kristian Åset
ole.kristian@sognavis.no



**KLATRESTEIN:** *Kamilla Weka (f.v.) og Stine Steig gjer klart for klatring på steinen i Krukla, der Fortun 4H har laga til naturmøteplass.*



**FIN PLASS:** *Fotun 4H har laga til eit fint område, med mellom anna gapahuk og klatresteinen ein ser til høgre i biletet.*